

SMIL- og NMSK- tilskot rapport 2004 -2008

Flora kommune sin tiltaksstrategi for løyving av tilskot til særskilte miljøtiltak i jordbruket **SMIL** og til nærings- og miljøtiltak i skogbruket **NMSK** skal rullerast iløpet av 1.halvår 2009.

Frå 2004 har vi samla fått tildelt kr 1.425.000 til SMIL og 670.000 til NMSK samt kr 538.500 til utarbeiding av skogbruksplaner.

Der er løyvd kr 202.000 til organisert beitebruk til 2 sankelagshytter, 2 sankekveer, til sikring mot skårfeste, opparbeiding av stølsveg og til styrka tilsyn i beitesesongen med gjeting.

Til verneverdige bygningar er løyvd kr 358.000 til restaurering av 5 sperrestover, 4 stølshus, 1 gardfjøs, 1 grindbygd sjøbu og 1 gardssmie.

14 tiltak for rydding og sikring av stiar og ferdselsårar fekk løyvd kr 213.000.

9 bruk fekk løyvd kr 152. 000 til lyngbrenning av tilsaman 785 da lyngbeite. 20 bruk fekk løyvd kr 160.000 til rydding av 338 da gjengrodd kulturbeite.

7 grendalag fekk løyvd kr 360.000 til områdetiltak til planlegging og tilretteleggingstiltak for utvikling i grenda si.

Der er flaterydda 48 da skogsmark med kr 2.900 i tilskot, tilplanta 143 da med 43.300 skogplantar med kr 102.000 i tilskot og suppleringsplanta 900 pl med kr 1.350 i tilskot, utført mekanisk etterarbeid på 187 da med kr 45.700 i tilskot , avstandsregulert 8 da med kr 1900 i tilskot .

Der er teke ut 1.048 m3 tømmer frå 162 da med taubanedrift med driftstilskot på kr 79.500.

Der er bygd 220 m skogsbilveg og 2080 m traktorveg med kr 241.000 tilskot.

Der er løyvd kr 25.000 til prosjekt hogstmobilisering og til auka skogkultursatsing.
124 bruk fekk utarbeidd skogbruksplan for sin skog med samla areal 43.000 da.

Vi ser svært gode resultat av områdetilskota til grendalaga til planlegging og tilretteleggingstiltak, og vi ynskjer at alle grender etter tur skal få slikt tilskot til utvikling av si grend.